



TEATRET



ÅRSMELDING 2021

Innhold

I. LEIARENS FRÅSEGN	3
II. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	5
II.1 Verksemda sine føremål	5
II.2 Organisasjon	6
II.3 Nøkkeltal	7
II.4 Rekneskapsprinsipp.....	8
III. ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	9
III.1 Resultat og måloppnåing.....	9
III.1.1 - Mål 1: Riksteatret skal tilby eit scenekunstrepertoar av høg kvalitet, og fremje kunstnarleg utvikling og fornying	9
III.1.3 - Mål 3: Riksteatret skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for ulike aktørar i scenekunstheltet.	17
III.2. Ressursbruk.....	22
IV. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	25
IV.1 Internkontroll.....	25
IV.2 Inkluderingsdugnaden.....	26
IV.3 Berekraftmåla til FN.....	28
IV.4 Klima- og miljøtiltak	29
IV.5 Krafftak for mangfald.....	31
IV.6 Aktivitets- og redegjøringsplikta etter likestillings- og diskrimineringsloven.....	34
IV.7 Revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen	37
V. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	38
VI. ÅRSREKNESKAP	39
VI.1 Prinsippnote årsrekneskapen	40
VI.2 Løyvingsrapportering med noter	41
VI.3 Artskontorrapportering med noter	42
VI.4 Scenestatistikk 2021	47

Forsidefoto:

Mimmi Tamba

TEATERKONSERT SUNDFØR

Av Njål Helge Mjøs

Basert på songtekstar av Susanne Sundfør

Regi Arne Nøst og Helena Wik

Foto ©Jonathan V. Kise/Tinagent

I. LEIARENS FRÅSEGN

Riksteatret er både arbeidsplass, kunstprodusent, opplevingsformidlar og eit kulturelt nav i Noreg. Dette året har vi fått prøvd omstillingsevna og fleksibiliteten vår på alle desse områda. Erfaringane frå 2020 har vore til god hjelp, men det uventa har vorte ein ny normal for oss og publikum.

Likevel, når den offentlege debatten har vore mest oppteken av fylkesgrenser, fordeling av vaksiner og varierende straumprisar, har vi køyrt rundt i turnébussane våre og bydd på større perspektiv og djupare kjensler. Det skal alltid vere Riksteatret sin misjon.

Likevel må det seiest at det er ei spesiell erfaring å oppleve at menneskje er redde for å gå på kulturarrangement, og at vi må motverke frykt for å nå ut til publikum. Dette vert det jo ikkje prata høgt om, men like fullt er det ein vond klump i kjernen av epidemien som har råka oss.

Riksteatret har strekt seg lenger enn mange andre for å minske smittefaren. Trass i dette har framsyningar vorte avlyste. Våren 2021 var det ytre og stadbundne faktorar som var årsak til avlysingane. På hausten vart utfordringa i større grad forkjølingssymptom og karantenar i eigne rekkjer. I mest alle produksjonane vart det gjennomført overtakingar både av roller og tekniske oppgåver. For å unngå avlysingar, har vi til og med vore nøydde til å fjernstyre framsyningar med teknisk personell i isolat på hotell.

Når rutinar, prosesser og planer vert kasta om kull, opnar det for nye refleksjonar og kreative løysingar. Tankar ein ikkje tidlegare har sett nærare på, kan undersøkjast. Teater hentar næring og sine viktigaste erfaringar i lag med publikum. Det har vi kjent mykje på i 2021. Slitasjen kan verte stor for alle på og bak scenen når vi ikkje spelar for eit like stort publikum som før pandemien og får denne naudsynte feedbacken kvar kveld. Dette er ein kvalitet ved arbeidet vårt som går langt utanpå publikumstal og billettinntekter.

Vi har sakna dette trykket frå publikum i lange periodar i 2021, trass i at publikum har vorte veldig flinke til å sende tilbakemeldingar gjennom sosiale medium. På den andre sida har vi opplevd periodar kor publikummet i småbyar og bygder har fått større tilbod av framsyningar enn i byteatera, kanskje for første gang i historia.

Når ting vert snudde på hovudet på denne måten, har vi òg i produksjonsperiodane i Nydalen fått uventa tid til å sette fokus på dei kunstnarlege prosessane. Det har opna for fordjuping og betring av kunstfaglege prosessar som vanlegvis strevar med stort tidspress. Vi har utvida våre kunstnarlege team og styrka kunstnarleg spisskompetanse.

På *Teaterkonsert Sundfør* hadde vi til dømes eit musikalsk team på tre med lyddesignar, elektronisk arrangør og musikalsk leiar, for å sikre suveren lyd tilpassa 50 ulike kulturhus. Det ga resultat. Fleire produksjonar nytta òg koreografer til å strekkje i det teatrale rørskematerialet, med tid og rom til å sette nye preg på uttrykket i framsyningane. Denne måten å arbeide med sjangeroverskridande uttrykk på, ser vi at publikum set pris på. Det igjen stiller nye krav til prosessen rundt repertoarval, samansetting av kunstnarlege team og turnélogistikk, som vi gjerne vil utforske meir.

Ein av årets planlagde produksjonar vart så hardt råka av pandemien at vi til slutt valde å avlyse. Her var både tida og den kunstnarlege prosessen med dramatiseringa av ei bok med et brennbart tema

krevjande, og den drog oss rett inn i debatten om kva som definerer kvalitet. Det vart ei tøff erfaring for alle involverte, men òg viktig lærdom for oss som ønskjer å spegle samtida på scenen.

Denne erfaringa skal brukast i eit nytt forsøk. Vi kjenner framleis ikkje den nye normalen, men vi veit at vi må arbeide langsiktig for å hente nye og gamle publikummarar tilbake etter pandemien. Vi trur ògat dette vil verte ein pådrivar i arbeidet med å gi repertoaret enda større relevans og samtidsaktualitet.

Da vi gjekk ut breitt og inviterte nye, unge og kreative krefter til å sende inn idear til nye framsyningar til RiksPitch, var responsen overveldande. Vi fekk inn 267 forslag, og 12 vart valde til å presentere ideane deira under Heddadagene i juni. Nesten alle andre produserande teater følgde seansen, og fleire er med i å støtte forprosjekta eller samprodusere de fire pitchane som vart valde til å få utviklingsstøtte.

Det var mange idear til barn- og ungdomsframsyningar i RiksPitch-bunken, og to av desse er nå under utvikling. Attkjenning er ein kvalitet vi legg vekt på når vi arbeidar med scenekunst for barn. Vår eigenproduserte urpremiere av «Detektivbyrå nr 2 – Operasjon teater» med nyskrive plot basert på Jørn Lier Horst sine kjente figurer har gjort stor suksess på turné og er av fleire medium kåra til årets beste barneframsyning. Dette er teater som verkeleg har opna for eit stort publikum.

Barn er vel så kresne som vaksne, og for å treffe rett nyttar Riksteatret referansegrupper med barn som følger prøvene. Dette gir oss ein heilt konkret tilbakemelding på kvalitet som vi synest er viktig for barneframsyningane våre.

Å ta inn over seg at kvalitet òg er eit dynamisk omgrep med rom for endring, tek tid. Vi kan la oss inspirere av ein annan bransje som har vorte råka hardt; av dei mange nye kreative kjøkkensjefane Noreg har fått. Dei set saman menyar med grunnlag i dei til kvar tid beste råvarene dei får tak i. Om dei treng fleire smaker, lager de urtehage i bakgården, eller går til næraste blomstereng og plukkar ugras. Både brennesle og mose har smaker og kvalitetar dei fleste av oss ikkje tenker over. Gjestene merker lett kvalitet og kreativitet i matkunsten og let seg ofte freiste til å smake noko nytt. Dei forlet lokalet med eit smil og kjem attende med nye vener eller kollegar. Så kan det gå gjetord om desse opplevingane i mange år framover.

Riksteatret sin meny i 2021 vart litt eksklusiv. Alt for få fekk oppleve han, men det var ein ti-rettar med potensial for mange fråsegner. Mest av alt vil vi vere inkluderande, og vi veit at vi har landets mest prisvenlege menyar. No ser vi fram mot å opne dørene på vidt gap igjen, og tek med oss dei beste rettane frå 2021-menyen over i 2022. Samstundes skal nye planter haustast frå blomsterengene vi «snubla over» i dette året.

Oslo, 15.3.2022



Arne Nøst
Riksteatersjef



Stephan L. Jervell
Styreleiar

II. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

II.1 Verksemda sine føremål

I tildelingsbrevet til Riksteatret for 2020 er målet for verksemda skildra slik:

Løyvinga til musikk og scenekunst bygger opp under dei nasjonale målene for kulturpolitikken om at alle skal få tilgang til et fritt og uavhengig kulturliv av ypperste kvalitet, som fremmer mangfald, inkludering, dannelse og demokratisk deltaking. Regjeringa ønsker å legge til rette for at musikk- og scenekunstinstitusjoner skal holde høg kvalitet og være verdsatt på sitt felt, både nasjonalt og internasjonalt. Det er viktig at institusjonene arbeider aktivt for å være relevante og representative, for å nå ut til flere med det dei tilbyr. Økt deltaking vil bygge fellesskap som kan bidra til bedre inkludering og styrket demokrati. Løyvinga skal også legge til rette for et musikk- og scenekunsttilbud som styrker befolkningas grunnlag for dannelse og kritisk refleksjon, gjennom å vekke engasjement og tilrettelegge for meningsbrytning og et mangfald av ytringar.

Målene for løyvinga til musikk og scenekunst i 2020 er å legge til rette for produksjon og formidling av musikk- og scenekunstuttrykk av høg kvalitet, kunstnerisk utvikling og fornyelse og et musikk- og scenekunsttilbud som er tilgjengelig for et bredt publikum.

Riksteatret er statens underliggende verksemd på scenekunstmrådet, og skal innenfor dei målsettinger, rammer og ressurser som til enhver tid er fastsatt av departementet, tilby profesjonell scenekunst i heile landet og supplere slik det øvrige scenekunsttilbudet. Riksteatret har som formål å "fremja arbeidet med å føra dramatisk kunst ut til folket i bygd og by og på andre tenlege måtar å auke kjennskapen til god dramatisk kunst", jf. lov om Riksteatret av 13. desember 1948.

Følgjande mål gjeld for Riksteatret i 2021:

Riksteatret skal tilby et scenekunstrepertoar av høg kvalitet, og fremme kunstnerisk utvikling og fornyelse

- 1. Riksteatret skal bygge fellesskap gjennom et scenekunsttilbud som tilgjengelig, representativt og relevant for publikum i heile Norge*
- 2. Riksteatret skal være en aktiv samarbeidspartner for ulike aktører i scenekunstheltet*

Målene skal bidra til departementets overordnede mål for løyvingar til kulturformål, og skal følges opp gjennom styringsparametere

Resultatmåla for 2021 er sett opp i samsvar med måla i tildelingsbrevet, og med styringsparametraner Riksteatret har utarbeidd i samråd med Kulturdepartementet.

II.2 Organisasjon

Riksteatret sine administrasjons, produksjons- og framsyningslokale ligg i Nydalen i Oslo. Sidan 2014 har Riksteatret òg delt verkstad med Nationaltheatret på Brobekk i Oslo.

Riksteatret har 76 fast tilsette per 31.12.2021. Total arbeidsstokk utgjorde 108,5 årsverk i 2021. Dette inkluderer 35,4 årsverk (delt på om lag 125 prosjekttilsette) som er summen av ulike engasjement, i fyrste omgang frilanskunstnarar. Ved den delte verkstaden på Brobekk er det 1 fast tilsett som har det juridiske tilsettingstilhøvet sitt ved Riksteatret, medan dei andre 15 er tilsett ved Nationaltheatret.

Riksteatret si øvste leiing er:

Teatersjef Arne Nøst (tok over etter Tom Remlov 1.4.2020)

Direktør Knud Bjørne-Larsen

Teknisk sjef Kristin Tunold-Hanssen

Produksjonssjef Ingvild Hellum

Turnésjef Pål Gjersum

Marknads- og kommunikasjonssjef Bente Kolset Apenes

Riksteatret sitt styre:

Stephan L. Jervell, styreleiar

Randi Eek Thorsen, nestleiar

Hannah Wozene Kvam

André Wallann Larsen

Lars Leegaard Marøy

Emnet Kebreab, valt av dei tilsatte


Stephan Mehl, valt av dei tilsatte

Varamedlemar

Elise Hende varamedlem for Emn et Kebreab

Lars Årdal varamedlem for Stephan Mehl

Organisasjonskart:



II.3 Nøkkeltal

Alle beløp i 1000

Aktivitet og publikumstal	2019	2020	2021	Endring 20-21
Tal på framsyningar	441	184	286	102
Tal på produksjonar (*)	10	9	9	0
Totalt publikum	125 899	33 338	49 399	16 061
Totalt publikum på turné	112 910	30 722	44 389	13 607
Publikum barn og unge	72 426	13 506	21 410	7904

(*) eksklusive gjestespill i Nydalen

Økonomiske nøkkeltal - I	2019	2020	2021	Endring 20-21
Utgiftsløyving, brutto post 01-99	150 207	132 989	142 750	9761
Inntektskrav post 01-99	-28 356	-10 117	-13 474	-3357
Nettoløyving	121 851	122 872	129 276	6404

Økonomiske nøkkeltal - II	2019	2020	2021	Endring 20-21
Rekneskapsførte driftsutgifter post 01- Utnyttingsgrad *)	157 149	132 853	149 358	16 504
	104,6%	99,9%	104,6%	4,7 p.poeng
Rekneskapsførte inntekter post 01-99	-31 463	-10 905	-16 467	5562
Inntektsopptjeningsgrad	109,6%	107,8%	122,2%	14,4 p.poeng
Rekneskapsførte nettoutgifter	125 686	121 948	132 891	10 943
	48,0%	57,0%	59,4%	2,4 p.poeng
	771	742	817	75

*) Muleggjort av kapitalreserven, altså mindreutgifter i tidlegare år.

**) Lønnsutgiftene varierer med graden av samarbeid med andre teater. I nokre produksjonar er skodespelarane fast tilsette på samarbeidsteateret, og av omsyn til pensjonsoppteninga vert de ståande på løn der òg i tida dei arbeider for Riksteatret. Samarbeidsteateret fakturerer Riksteatret for lønnsutgiftene i etterkant. Nokre kunstnarar fakturerer òg som sjølvstendig næringsdrivande. Våre bokførte lønnsutgifter syner difor ikkje produksjonane sine totale lønnsutgifter.

I talet på årsverk inkluderer vi alle som arbeider for Riksteatret i løpet av året. Dette talet inkluderer dermed både individ som får lønen sin utbetalt av eit anna teater medan de arbeider for Riksteatret og individ som fakturerer som sjølvstendig næringsdrivande, til dømes instruktørar og scenografar. Dette fører til at nøkkeltala lønsdel av utgifter og lønnsutgifter per årsverk er avhengig av korleis produksjonsporteføljene er set saman og kordan samarbeid med andre teater er organisert. Det kan difor vere lite hensiktsmessig å samanlikne disse to nøkkeltala frå eit år til eit anna.

Økonomiske nøkkeltal - øvrig	2019	2020	2021	Endring 20-21
Utgifter direkte knytt til prosjekta *)	68 554	47 582	62 286	14 704
Andel prosjektutgifter i % av	44%	36%	42%	6 p.poeng
Samla inntekter	31 463	10 905	16 467	5562
Inntekter i % av bruttokostnad	20%	8,2%	11%	2,8 p.poeng
Snittbillettpris	195,-	206,-	235,-	29,-

*) Utgifter for fast tilsette skodespelarar, sceneteknikarar o.a. er ikkje inkludert i direkte utgifter.

Inntekter	2019	2020	2021	Endring 20-21
Billettinntekter	24 756	7691	11 589	3898
Billettinntekter i % av utgiftsløyving	16	5,8	8,1	2,3 p.poeng
Sponsorinntekter	1495	813	0	-813
Sponsorinntekter i % av utgiftsløyving	1,0	0,6	0	0,6 p.poeng

Årsverk	2019	2020	2021	Endring 20-21
Totalt tal på årsverk *)	107,9	102,0	108,5	6,5

*) Årsverk inkluderer prosjektilsette skodespelarar, teknikarar og kreativt team.

II.4 Rekneskapsprinsipp

Riksteatret fører rekneskapen i samsvar med kontantprinsippet, sjå elles prinsippnota til årsrekneskapen.

III. ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

III.1 Resultat og måloppnåing

Kvart år set Kulturdepartementet mål for Riksteatret gjennom tildelingsbrevet, ref mål 1-3 nedanfor. Styringsparameterne som det skal rapporterast på, vert utarbeidd i samarbeid med departementet. Vidare stiller departementet krav til målemetodar for resultatmåla som vert sette. I dei kvantitative måla som er nemnt under, er internevalueringa utført av kunstnarleg råd og leiargruppe lagt til grunn, i tillegg til tilbakemeldingar frå publikum, kulturhusa, produksjonane sine kunstnarlege team og teaterbransjen for øvrig.

III.1.1 - Mål 1. Riksteatret skal tilby eit scenekunstrepertoar av høg kvalitet, og fremje kunstnarleg utvikling og fornying

Styringsparameter 1.1 – Kvalitet i produksjon og formidling

Resultatmål: Verksemda skal vere prega av kunstnarleg vilje, evne og relevans.

I lag med kunstnarlege rådgjevarar formulerer teatersjefen ein kunstnarleg visjon for kvart prosjekt vi startar, og denne er tilgjengeleg for alle tilsette i teateret. Slik sikrar vi at kvart prosjekt har eit kompass som gir kvar avdeling høve til å komme med faglege innspel for å oppnå dei beste resultatane.

Gjennom heile 2021 har RiksLab, som er teatersjefen sitt interne kunstfaglege råd, jamt og trutt kome med innspel og tilbakemeldingar på teateret sine langsiktige repertoarplanar, med månadlege møter og gjester frå eksterne miljø.

Idékonkurransen RiksPitch, som vart arrangert i 2021, har gjeve teateret mange impulsar som kjem til å ta form på kulturhus-scenene framover. Vår kontinuerlege kunstnarlege planlegging er òg inspirert av kulturhusa og publikum sine stadig hyppigare tilbakemeldingar på e-post eller sosiale medium. Publikums feedback og formidling av opplevingar er relevant.

Eit teaters vilje, evne og relevans vert styrt av mange faktorar. Ein sjeldan gong kan òg vilja overgå evna. I 2021 avlyste vi eit prosjekt som hadde sett både kvalitetsomgrepet og mangfaldsforståinga vår på ei utfordrande prøve, før pandemien sette det endelege punktumet for prosessen. Gode rutinar rundt evaluering gjer at det òg kjem mykje læring ut av prosjekt som syner seg å vere for ambisiøse. Samtidig baud dette prosjektet på ein intensitet med omsyn til relevans og engasjement som indikerer at tematikken skal få ein ny utviklingssjansje innafor nye rammer ved eit seinare høve.

Å sette eit skille mellom det kunstnarlege og det teknisk/praktiske ambisjonsnivået vert stadig mindre relevant. Det kreative finstemte samspelet mellom prosjektilsette utøvande og skapande kunstnarar på den eine sida og dei faglege, handverksmessige og kunnskapsbaserte ressursane ved teateret er grunnmuren i kvar framvisning. Det er viktig å sørge for læring, inspirasjon og kompetansebygging hos fast tilsette om vi skal strekkje oss mot nye mål. Denne balansen har vi lagt vekt på i 2021, med breidde i både sjangrar og samarbeidsformer med kunstnarar, grupper eller institusjonar.

Om prosjekta har deira viktigaste mål i skaparmangfald, innhaldsmangfald eller brukarmangfald, vil variere. Difor vil det òg variere kva slags innsats vi legg i kvart fag eller avdeling. Vi har skreddarsydd eigne «opplev meir»-arrangement og/eller pedagogisk materiale som følge til framvisningar mynta

på spesifikke publikumssegment eller med spesifikke mål. Vi har brukt innleidde profilar, kunstnarar eller fagekspertar i arbeidet med formidlinga og de digitale programma som har erstatta tidlegare papirprogram.

«Forsnakk» i forkant av framsyninga på de ulike spelestadene, er framleis veldig populært hos Riksteatrets publikum. Liv Gulbrandsens lystige kåseri over «Don Quijote» ga særleg mange positive tilbakemeldingar. At ein stor, kompleks og gammal roman vert gjort tilgjengeleg gjennom både «fun facts» og historisk kontekst gir god inngang til teater utan at ein treng å vere ein stor lesar. Det er ein terskel vi synest det er viktig å senke. Teateret skal ikkje berre vere for litteraturkjennarar.

Styringsparameter 1.2 – Variert repertoar

Resultatmål: Riksteatret skal tilby eit breitt spekter av scenekunst.

	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Produksjonar (*)	10	10 (*)	9	8-12	7-10
Riksteaterproduksjonar	7	7	7	4-12	4-10

(*) I tillegg kjem 4 digitale produksjonar i 2020

1.2.1 Repertoar

VÅREN 2021

«En pangstart for Riksteatrets pandemisesong» skreiv Aftenposten etter premieren på «**Pang!**» av Marius von Mayenburg. "Pang!" er ein skarp satire over vår eiga tid. Forfattaren sier sjølv at han skreiv komedien som ein allergisk reaksjon da Donald Trump vart president. Komedietalentet Olav Waastad hadde hovudrolla, og regien var ved Peer Perez Øian. "Det er simpelthen et imponerende stykke teater" Aftenposten (5), "Fenomenalt" Subjekt (5), "Fargerik og morsom" NRK, "Skarpe observasjoner, ramsalt samfunns satire og lavtrekkende humor" Dagsavisen.

«Det er først når de som ikke er rammet står opp for de andre, at vi kan få til en endring.», sa forfatter Camara Lundestad Joof da det vart klart at den kritikarroste boka hennar skulle verte teater for heile landet med Riksteatret. Med «**Eg snakkar om eg snakkar om det heile tida**» i Kjersti Horn sin regi ynskte vi å tilby ei teaterframsyning som kunne få oss til å snakke om rasisme på nye måtar. I samarbeid med HL-Senteret inviterte vi publikum til samtale på Litteraturhuset og utarbeida eit pedagogisk materiell til skuleklassar som ynskte å sjå framsyninga. På grunn av særskilte krevjande prøvetilhøve under pandemien, måtte vi diverre avlyse teaterprosjektet.

Riksteatret sin kritikerroste versjon av «**Peer Gynt**» med Anders Baasmo, Gisken Armand, Ola G. Furuseth, Jan Sælid og Thea Lambrechts Vaulen i Ole Anders Tandbergs regi fekk eit nytt liv på vegen, med vitjing til enda fleire av spelestadane våre. Det er ikkje ofte vi opplever så stor etterspurnad etter ei teaterframsyning som denne. Takka vere fleksible kulturhus og eit toptrena turnémannskap, klarte vi å leggje om delar av turnéruta på kort varsel da fleire av kulturhusa som skulle hatt vitjing, vart stengde pga pandemien. Slik klarte vi å oppretthalde eit levande kulturliv i dei delane av landet som ikkje var like råka av stenging. Framsyninga får nytt liv hausten 2022 og skal òg produserast som digitalt teater i samarbeid med Applaus Scene.

Å vere eit teater for heile landet handlar om å invitere til magiske teateropplevingar for folk i alle aldrar. Nokre gongar speler vi klassikarar som mange kjenner frå før, andre gongar er det fint å kunne

by på ferskvare, som **«Høna, egget og reven»**, ei nyklekt teaterframsyning for dei minste, skrive av Nelly Winterhalder. Framsyninga vart elskt av både barn og kritikarar: "Magisk barneteater om høner og egg (...) Det er fantastisk vakkert." Aftenposten. «Veldig fengende, humorfylt og fullt av overraskelser" Dagsavisen. "Morsomt teater for de minste (...) oppleves som et friskt, lite pust" Vårt Land. I samarbeid med fleire ideelle organisasjonar fekk vi sjansen til å invitere mange låginntektsfamiliar til å oppleve framsyninga gratis der dei bur.

Mio, min Mio, framsyninga som vann Heddaprisen 2019 for beste barneframsyning, skulle òg ha vore på repertoaret. Kort tid før prøvestart måtte vi ta produksjonen av repertoaret av di gjeldande smittevernsreglar ikkje kunne gjennomførast med den fysiske nærleiken som framsyninga krev mellom publikum og skodespelarar. Vi områdde oss raskt og erstatta denne produksjonen med Heddaprisvinnaren 2018: Tobias og dagen det smalt.

Mange kallar Tobias for Cecilie. Faktisk gjer nesten alle det. Ikkje eingong mamma og pappa veit at Cecilie er Tobias. **"Tobias og dagen det smalt"** handlar om å stole på og tru på seg sjølv, og om at alle barn er like mykje verdt. Den prislønna og kritikarroste framsyninga handlar òg om venskap og tillit til at venane dine vil det som er best for deg. Gjennom fantasi og røymsle rører framsyninga ved tema som at det er mange vis å vere menneskje på, og at det kan vere litt trøblete når det som er på utsida av deg ikkje helt passer med det som er på innsida. Framsyninga vart produsert av Rimfrost Produksjoner i samarbeid med Hålogaland Teater, og fekk nytt liv på turné med Riksteatret. Mange barn hadde sett framsyninga i DKS-regi. For Riksteatret var det viktig å invitere heile familien til å oppleve ho i lag.

HAUSTEN 2021

Regissør Yngve Sundvor plasserte radarparet Don Quijote og Sancho Panza inn i vår tid, og publikum fekk oppleve klassikaren **Don Quijote** som artig komedie. Vi møter eit teaterensemble som har prøver på teaterstykket Don Quijote, der hovudrolleinnhavaren lever seg sånn inn i rolla at han trur han er den verdskjente riddaren. "Fornøyd (...) som både er lett og underholdende, og som ikke krever at du har lest boka på forhånd" Dagsavisen (5). " Når Don Quijote svinger lansens sin for å rydde el-sparkekyklene av veien, føles den 400 år gamle historien treffende oppdatert" Vårt Land. Vi inviterte publikum til gratis intro om klassikaren med forfattar og formidlar Liv Gulbrandsen på utvalde stader på turné. Produsert av Riksteatret i samarbeid med Den Nationale Scene og Hålogaland Teater.

«Det er suverent levert og det kjennes godt å le igjen, skrev VG etter premieren på **«Toppar VG-lista»** i august. Med utgangspunkt i eit knippe songar som har toppa VG-lista dei siste femti åra, freistar Are Kalvø å forstå vår tid og finne meininga med livet. I framsyninga blandar han humor, samfunns satire og kvardagsfilosofi. Framsyninga handlar om liv, død, politikk, religion, kjærleik, venskap, kriser og menn i for små shorts. Intet mindre. "Are Kalvø er fortsatt helt på topp" Dagsavisen (5). "Stor stemning" Oppland Arbeiderblad (5). "Jubelen står i taket" Tønsberg blad (5). Produsert av Det Norske Teatret og Teater Vestland. På turné med Riksteatret.

Barn i Noreg elskar bøkene om Detektivbyrå nr. 2. Med Riksteatret vart det til teater for heile familien der Tiril, Oliver og hunden Åtto må løyse eit heilt nytt mysterium! **«Detektivbyrå nr - Operasjon Teater»** er eit hielt nytt oppdrag for Detektivbyrå nr. 2, skrive av regissør Hilde Brinchmann og Jørn Lier Horst. Eit mysterium som berre kan opplevast når Riksteatret kjem til ditt kulturhus. Det er sjeldan at ei teateroppsetjing får så mange gode kritikkar som denne og vert elskt

av så mange publikummarar. Kritikanerane kasta terningkast fem og seks, og NRK kåra framсыninga til «årets beste barneteater». Ved å tilby ei heilt ny framсыning basert på eit univers som så mange kjenner frå før, klarer vi kanskje å nå ei større målgruppe som elles ikkje går i teater. Produsert av Riksteatret.

«Sundfør uten Sundfør (er) verdt en framсыning i seg selv», skrev pressa etter premieren på «Teaterkonsert Sundfør». I ein teaterkonsert står musikken i sentrum, i ei råde av spektakulær scenografi, kostymar og lys. «Teaterkonsert Sundfør» er basert på Susanne Sundførs allereie eksisterande songar, men tilfører noko nytt gjennom heilt særigne, mystiske univers med ein ny musikalsk komposisjon. "Stort og gripende" Haugesunds avis (5). "En spennende, kraftfull, samstemt og vakker framсыning" i Tromsø (5). "Susanne Sundførs låter er perfekt for teaterscenen" BT (5). "En estetisk nytelse" Harstad Tidende (5). Produsert av Riksteatret i samarbeid med Haugesund Teater.

DIGITALE FRAMSYNINGAR

Riksteatret ga «Havboka» i vårgave til alle som hadde lyst til å oppleve kritikarrost teater i eiga stue. Den filmatiserte versjonen av framсыninga var tilgjengeleg til leie heile året, men ein søndag i mars kunne alle som ville, sjå ho gratis på eigen skjerm. «Unik teateropplevelse på skjerm. Det er som å være på havets bunn, i ett med det store og mektige dypet» NRK. «Tyngden og alvor i Strøksnes' tekst har deg virkelig på kroken etter å ha sett denne filmatiserte framсыninga» Dagsavisen. For Riksteatret er det viktig å vere eit teater for alle, òg dei som ikkje har høve eller lyst til å gå i kulturhuset. Med «Havboka» har vi eit slikt digitalt tilbod av sær høyt kvalitet. Filmatiseringa vart produsert av Riksteatret, den opphavlege teaterframсыninga er produsert av Riksteatret i samarbeid med Nationaltheatret.

Våren 2021 kunne NRK og SVTV syne opptak av Riksteatret si framсыning **Liv - Et liv i tre akter** på Nationaltheatret med Liv Ullmann og tidlegare Riksteatersjef Tom Remlov. Filmatiseringa vart produsert av Nordic Stories i samarbeid med Riksteatret, den opphavlege teaterframсыninga er produsert av Riksteatret i samarbeid med Nationaltheatret.

1.2.2 Eit bredt repertoar ved kvart kulturhus

Vi ynskjer å tilby kvar ein skilde spelestad eit variert og tilpassa repertoar. Det er stor variasjon i publikumsinteresse og -grunnlag på dei ulike stadene vi speler. Kommunane varierer i folketal frå om lag 3.000 til 110.000. Minimumsleveransen (med eit avtalt unntak) er 2 framсыningar for vaksne og 2 for barn/ungdom. Nedgangen over tid i talet på produksjonar RT kan presentere på turné legg restriksjonar på breidde i og tilpassing av repertoaret på de ein skilde spelestadane. I tillegg har 2021 vore prega av koronarelaterte avlysingar. I sum gjer dette at vi i liten grad har kunne tilby eit breitt repertoar ved kvart kulturhus.

Styringsparameter 1.3 – Utvikling og fornying

Resultatmål a: Riksteatret skal vidareføre utforsking av ulike framсыningsformat, arenaer og spiletider.

Resultatmål b: Riksteatret skal gjere nytte av teknikken sin plass som ein del av det kunstnarlege uttrykket ved å ta i bruk ny teknologi og nye produksjonsmetodar.

	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Urpremierer	4	2	4	1-4	1-4

Eit nytt år med pandemi ga ikkje rom til stor utforsking. Ressursane gjekk oftare til kreativ tenking rundt teatrets store logistikk med turnear og restriksjonar i konstant endring rundt i landet. Ser vi attende på alle 2021-produksjonane kan vi likevel sjå felles utviklingsdrag som eit resultat av teatret sin kunstnarlege strategi.

Alle framsyningane har eit sterkt fysisk skodespelaruttrykk, ofte prega av «leik» til og med i dei mest alvorlege scenene. Dette kan kanskje seiast å vere ein større trend i Norsk teater, men for Riksteatret er det òg eit resultat av at vi engasjerer koreografar eller dansarar til å arbeide i lag med regissør på rørslematerialet og det fysiske uttrykket i framsyningane. Dette er eit teaterspråk både publikummarar og kritikarar veit å setje pris på, men det har òg fordra ei utviding av dei kreative teama for produksjonane.

I 2021 produserte Riksteatret for fyrste gong ei framsyning i sjangeren «teaterkonsert». Teaterkonsert Sundfør hadde eit utvida og sterkt fagleg fokus på lydsida. Den kunstnarlege integriteten og faglege spisskompetansen til det lydfaglege teamet var i stor grad med på å sikre denne produksjonen sin suksess.

Ved Riksteatret må val av kunstnarlege verkemiddel alltid balanserast mot risiko. Når eit framsynings-team er på reise og ikkje kan ta imot direkte støtte frå kollegaene i Nydalen, må reparasjon av skader og feil løysast lokalt med det som finst av utstyr og kompetanse i turnébussen. Dei tekniske funksjonane må verte dekkja av lagspelarar med stor kreativ løysingsorientering og høg fagleg kompetanse. Alt vi vel av teknisk utstyr og materiale skal i tillegg tole slitasje og store veksingar i temperatur. Dette skil Riksteatret frå aktørar som opererer i permanente hus med faste scener, og det stiller særlege krav til kvar einiskild medarbeidar. Det gjer òg teknisk kompetanseutvikling, kurs og inspirasjon til ein viktig del av organisasjonen vår og er årsaken til at vi vert sett på som ein sær god læringsarena for scenefag.

Pandemiens varigheit har vore utfordrande for mange tilsette og engasjerte Dei har vore tvungne til å rullere på oppgåver og roller med kort førebuingstid. Dette gjelder for både utøvarar på scenen og tekniske/ administrative arbeidarar bak scenen. Riksteatret har nok aldri tidlegare hatt så mange «ikkje planlagde» overtakingar i turnéperiodene. Solid kunnskap og dokumentasjon i bruk av alle tekniske verkemiddel og HMS er viktig for å oppnå ein slik fleksibilitet på reisebot. Dette har vi øvd på og vorte gode på gjennom heile 2021.

Kvar einiskild spelestad skal få ei optimal framsyning så tilnærma lik den som vart synt fram på premieren, som mogleg, der skodespel, teknikk og scenerom sameiner alle dei kunstnarlege elementa på saumlaust vis og tek vare på nærleiken til publikum. Med 75 veldig forskjellige spelelokale trengst delikat tilpassing og fleksible kunstnarlege løysingar.

Eit av dei utvalde Rikspitch-prosjekta har spel/«gaming» som tematisk utgangspunkt. I lag med dei som presenterte ideen og to andre teater ser vi på nye måtar å kombinere spillteknologi på for å skape interaktivitet i ei framsyning. Dette er eit lengre utviklingsprosjekt som òg involverer opphavsretts-problematikk og forankring i kreative miljø vi ikkje tidlegare har samarbeida med. Målet er å presentere ei nyskapande og grensesprengjande framsyning for barn og ungdom i vårt (75 års) jubileumsår i 2024.

III.1.2 - Mål 2: Riksteatret skal byggje fellesskap gjennom eit scenekunsttilbod som er tilgjengeleg, representativt og relevant for publikum i heile Noreg

Styringsparameter 2.1 – Publikumsoppslutning

Resultatmål a: Riksteatret skal spele klassikarar og samtidsdramatikk som set dagsorden og utfordrar, og fortel historier som foreinar på tvers av geografi og demografi.

Resultatmål b: Riksteatret skal by på stimulerande og engasjerande teateropplevingar for eit barn- og familiepublikum.

	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Publikum totalt	125 889	35116 (*)	50 109 (*)	80-120 000	80-120 000
Framsyingar totalt	441	215	281	375-440	375-440
Publikum på turné	112 910	30722	44 301	70-100 000	70-100 000
Framsyingar på turné	381	184	244	350-440	350-440
Publikum barne- og familieframsyingar	72 426	13506	22 032	25-50 000	25-50 000
Framsyingar for barn og familiar	207	94	126	100-200	100-175

(*) I tillegg kjem publikum på digitale framsyingar, som på opne strøymingar ikkje er målbare.

Trass i at fleire framsyingar vart framskotne, utsett eller avlyst i 2021 fekk teatret til ei fin vifte med ei blanding av klassikarar og samtidsdramatikk for både barn og voksne publikummere. Klassiske tekstar frå 1600- og 1800-talet vart sett opp i omarbeida versjonar som trekte liner til samtida med uventa teatreale grep. I tillegg fekk dei vaksne samtids satire gjennom den elleville «Pang» der særleg Olav Waastad si tolking av hovudrolla ga mange ein etterlengta og lang latter.

Vår nyskrivne dramaforteljing grunna på Host Lier sine kjente figurar frå Detektivbyrå nr. 2, vart ein ubetinga suksess i familieframsyningssegmentet. Regissør Hilde Brinchmanns etter kvart erfarne grep med å invitere barna direkte inn i handlinga er noko vi ser dei yngre har særst stor glede av. Ifølgje mange teaterteoretikarar er det fire hovudkomponentar som får publikum til å føle seg meir integrerte i teaterframsyingar: «ekte rom», sans, rørsle og tid.

Immersive Theatre/«opplukende teater» skil seg frå tradisjonelt teater ved å fjerne «scenen» og inkludere publikum i sjølve framsyninga. Ofte vert dette oppnådd ved å bruke ein bestemt stad, slik at publikum kan ha interaksjon med skodespelarane og samhandle med omgivnadene, og dermed bryte den fjerde veggen. Riksteatret hadde lyst til å teste ut og utvikle denne teaterformen også i eit kulturhusformat. Brinchmanns grep går så langt i den interaktive framsyningsforma med «Mio min Mio» (fra Teatret Vårt og Nordland Teater) at den først kan verte sendt ut på turné når avstandsrestriksjonane er fjerna, for å oppnå den naudsynte nærkontakten med barna og full kunstnarleg utteljing av konseptet (var planlagt for turné 2021).

Den prislønna barneframsyninga "Tobias og dagen det smalt" frå Rimfrost Produksjoner vart ei flott turnéerstatning. Med sitt tidsaktuelle tema kring kjøn, identitet og venskap skapte den fantasifulle historia både toleranse og debatt. Fantasi, humor og vakre bilete fekk dei minste òg gjennom Nelly Winterhalder's nyskrivne «Høna, egget og reven» som fortsette turnéen sin i 2021. Dette vart diverre kostymedesignar, scenograf og professor Katrine Tolos siste arbeid for scenen og var ein tydeleg

demonstrasjon av kva grensesprengjande, fantasifulle og formsikre kunstnarar kan bidra med i utviklinga av teatret.

Nå vert det lagt nye planer for at våre mest vellukka framsyningar frå dei siste åra skal få eit vidare turnéliv og verte synte på fleire kulturhus enn kva vi klarte i 2021. Særleg gjelder dette barneframsyningane, som arrangørar så vel som publikum ønskjer tilbake etter avlysinger.


Styringsparameter 2.2 – Fordeling av spelestader

Resultatmål: Riksteatret skal ha ei god geografisk fordeling av spelestader.


	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Spelestader	73	73	73	65-80	70-80

Vi prøver å ha ei god geografisk fordeling av framsyningane. Både i form av at dei fleste landsdelane får tilbod om framsyningar for barn og vaksne, og at dei ein skilde produksjonane dekkjer eit så stort område av landet som mogleg.

Fordelinga av produksjonar og framsyningar (planlagt og gjennomført) på fylka var slik:



Dette ga eit publikumsbesøk som fordelte seg slik:



Styringsparameter 2.3 – Publikumsutvikling

Resultatmål a: Riksteatret skal tilby meiropplevingar knytt til framsyningar der det er relevant, gjerne i samarbeid med lokale aktørar.

Resultatmål b: Riksteatret skal få fleire nye publikumsgrupper inn i teatret.

Resultatmål c: Riksteatret skal auke besøksfrekvens for den einskilde publikummar.

Resultatmål d: Riksteatret skal gjere teater tilgjengelig for barn og unge gjennom samarbeid med skulen og Den kulturelle skulesekken.

Resultatmål e: Riksteatret skal ha styrkt integreringsperspektiv i publikumsarbeidet.

Publikumsutvikling

Publikumsutvikling er eit permanent, integrert satsingsområde for Riksteatret. Gjennom eigne tiltak og i samarbeid med kulturhusa, søker vi kontinuerleg å styrke kontakten med og kunnskapen om publikummet vårt og å utvide publikumsgrunnlaget.

Ein sentral del av Riksteatret sitt arbeid med publikumsbygging skjer lokalt i samband med den einskilde framsyninga. Våre meiropplevingar utanfor scena etablerer ein tettare dialog med publikum og styrker

rekrutteringa. Disse aktivitetene kastar lys over viktige samfunnstema, formidlar kunnskap og skapar gode teateropplevingar. I 2021 testa vi ut nye digitale konsept i arbeidet med å engasjere publikum. I samband med framsyninga Detektivbyrå nr 2, utvikla vi eit interaktivt spel for barn, kalt «Oppdrag Åtto». Spelet går ut på å løyse eit mysterium, og gir deltakarane ei morosam oppleving samstundes som dei vert introduserte for enkle ord og uttrykk frå teaterverda. Trass i pågåande pandemi makta vi òg å gjennomføre fleire fysiske publikumsmøte. Til dømes fekk publikum i forkant av Don Quijote-framsyningane ei lettfatteleg og humoristisk innføring i det litterære verket av forfattar og formidlar Liv Gulbrandsen.

Ein stadig større del av publikumsarbeidet handlar om å produsere levande innhald og lage gode markedsføringspakker for arrangørane. Videoproduksjonane har auka merkbart i omfang dei seinaste åra, og ein stor del av kommunikasjonen skjer no digitalt. Produksjonssidene på nettsidene våre vart oppgraderte i 2021, og erstatta den gamle trykte repertoarbrosjyren.

For å optimalisere marknadsåtgjerda våre utarbeida vi i 2021 eit prosjekt kalla RiksVenn. Målet med prosjektet er å etablere ein kanal for tilbakemeldingar frå publikum og arrangørar på område som sosiale medier, visuelle uttrykk, opplev meir-aktivitetar og kommunikasjonsbodskap. Prosjektet har oppstart januar 2022 og vil i fyrste omgang rette seg mot arrangørane våre.

Sjå òg pkt. IV.5 for andre mangfold- og publikumsretta tiltak i 2021.

	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Formidlingsarrangement	312	54	20	25-75	25-75
Publikum på formidlingsarrangement	32704	6589	5055	5-15 000	5-15 000

SAMARBEID MED SKULAR

Vi utarbeider pedagogisk materiell og gjennomfører skulebesøk i samband med framsyningane våre. Av omsyn til smittevern tilbød vi i 2021 òg digitale skulebesøk.

Riksteatret tilbyr spesialpris til skuleklassar og fribillettar gjennom DNB og Statnetts billettfond.

Ungdoms-, vidaregåande -og folkehøgskular over heile landet søkte i 2021 om til saman 17 792 fribillettar til deira elever. I tillegg til fysisk teater kunne skulane òg søkje om fribillettar til digitale syningar som filmversjonen av Havboka.

Vi selde 972 rabatterte skulebillettar finansierte av den einkilde klasse, skulen, kommunen eller fylket. I kor stor grad DKS er involvert i finansieringa av desse billettane har vi ikkje avdekt. Gjennom dei seinaste åra har vi oppnådd eit godt samarbeid med nokre av dei regionale forvaltarane av ordninga. På desse plassane ser vi ei tydeleg prioritering av arbeidet med å gje elevane ei scenekunstoppleving i lag med eit ordinært publikum på eit kulturhus. Andre stader har vi ikkje oppnådd denne effekten.

III.1.3 - Mål 3: Riksteatret skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for ulike aktørar i scenekunstfeltet.

Styringsparameter 3.1 – Kunstnarleg samarbeid

	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Samproduksjonar der Riksteatret er hovudprodusent	5	3	3	2-5	1-5
Samproduksjonar med annan hovudprodusent	1	1	1	1-2	1-2
Framsyningar på samproduksjonar formidla av samarbeidspartnar	127	12		20-70	(*)
Publikum på samproduksjonar formidla av samarbeidspartnar	29 444	5 148		5-30 000	(*)
Innkjøpte produksjonar	2	2	1	1-2	-

(*) Vi har valt å ikkje sette mål for kva andre teater kan få til for samarbeidsproduksjonane, av di dette er styrt av teatra sine totale speleplanar, som Riksteatret ikkje har innverknad på.

Samarbeid har ulike fasettar og former, og i 2021 har vi hatt mange variantar av gode kunstnarlege samarbeid med institusjonar og grupper utanfor Riksteatret. For Riksteatret er det viktig å etablere kontakt med partnerar om moglege samarbeid så tidleg som mogleg. Planlegging av samarbeid for 2023 og 2024 er starta opp i 2021. Ofte inngår deling av kunstnarlege ressursar som skodespelarar i samarbeidet, noko som er ønskelig for oss. Riksteatret har lange spele-/turnéperiodar, særleg samanlikna med dei stasjonære teatra. Når vi disponerer andre teater sine skodespelarar på turné, kan dei ikkje nyttast på «heimescenen» deira. Det er ei av utfordringane ein må ta høgde for.

Samarbeidet med Hålogaland Teater og Den National Scene om «Don Quijote» vart særers vellukka, til dømes i det at framsyninga fekk ein lengre spilleperiode på kvart av teatra, medan den tekniske bemanninga og scenografien vart tilpassa den einskilde plassens krav og ressursar. Tematisk og kunstnarleg passa framsyninga òginn i alle partnerane sine repertoarplaner med omsyn til variasjon og bredde for «eige» publikum. Hovudrolleinnehavarane kom frå kvart sitt teater, og dialekt, sjargong og referansar vart aktivt nytta som verkemiddel i framsyninga. Sånt vekkjer sjølvstøtt og god gjenklang hos publikum. Denne typen samarbeid krev møysommeleg kunstnarleg og praktisk planlegging om alle parter skal få eit kunstnarleg plussteikn i marginen i tillegg til det økonomiske.

Andre gongar løfter vi ferdig produserte framsyningar ut på turné og veit i forkant at det kunstnarlege resultatet og møtet med publikum har hausta ros. Det var tilfellet i samarbeidet med Rimfrost Produksjoner. Framsyninga deira var blitt lønna med Heddaprisen for kunstnarleg kvalitet, og samsvarte med våre ønsker om å syne fram nyskapande barneteater med høg kvalitet.

«Teaterkonsert Sundfør» samproduserte vi med Haugesund Teater. Susanne Sundfør kjem frå Haugalandet, men er ein artist som heile Noreg kjenner. På det viset kan det lokale repertoaret til eit mindre teater verte styrkt med Riksteatrets kompetanse og utstyr og gjort tilgjengeleg for heile landet i turnéformat.

Med Rikspitch for nye idear til scenekunst, samla vi òg alle produserande institusjonar til å sjå pitchane i lag med oss og kanskje finne idear til eigne repertoarvalg. Resultatet vart mellom anna at både Teatret Vårt, Hålogaland Teater, Haugesund Teater og Dramatikkens Hus deltek som bidragsytarar og støttespelarar for dei fire prosjekta som vart plukka ut til vidare utvikling og forprosjekt. Vi veit at dette vil føre til fleire reelle samarbeidsproduksjonar i åra som kjem, og at neste Rikspitch utlysing (2023) vil verte ein samlingspunkt for kunstnarlege idear og samspel mellom kunstnarar, grupper og institusjonar til glede for heile landet.

Styringsparameter 3.2 – Kompetansedeling

Resultatmål: Riksteatret skal være ein kompetansepartner og bidra til profesjonalisering ved systematisk å dele kunnskap innanfor ulike fagområde.

	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Hospitantavtalar	20	0	0	5-15	15
Residensopphald*	-	0	0	1	0

*Residensopphald vart teke inn som resultatmål i 2020

Hospitanttilbod for kulturhustilsette

Riksteatret ynskjer å vere ein kompetansepartner og bidra til profesjonalisering ved systematisk å dele kunnskap innanfor ulike fagområde. I fleire år har Riksteatret gjennomført ei hospitantordning som fører med seg at administrativt, marknads- og teknisk personale frå kulturhusa vert inviterte til å hospitere i dei respektive avdelingane våre.

Gjennom deltaking på hospitantopphald i marknads- og kommunikasjonsavdelinga har fleire kulturhus fått styrke marknadskompetansen sin og fått auka forståing for Riksteatret sitt publikumsarbeid. Ettersom 2021 òg var prega av pandemien, vart det naturleg nok vanskeleg å planlegge og gjennomføre hospitantopphald i marknadsavdelinga.

Vi inviterer òg teknisk personale ved kulturhusa til hospitantopphald, og vil frå 2022 utvide denne ordninga til å gjelde deltaking på turné, for å gi deltakarane kunnskap om opp- og nedrigg og det å ta imot turnerande ensemble.

Residensopphald for kunstnarar

Det har ikkje vore mogleg å gjennomføre residensopphald på Riksteatret i år pga pandemien, vi har heller ikkje lagt nokre konkrete planar for dette i 2022.

Kompetansedeling mellom institusjonsteatra

Riksteatret er ein pådriver for deling av kunnskap om teatras verksemdsdrift. Vi deler aktivt kunnskap om kontraktsmalar, overeinskomsttolkingar, spørsmål kring smittevern, nøkkeltal, stillingsskilddingar, organisasjonsmodellar, planleggingsverktøy m.m.

Riksteatret er òg initiativtakar til ein eigen samling for dei teatra som har turnéverksemd, dette vart gjort under Heddadagane 2020 og skal gjentakast i 2022. Her utvikler vi samarbeid om turnéruiter, marknadsføring og kulturhusoppfølging, vidare evaluerer vi avtaler om samproduksjonar.

Styringsparameter 3.3 – Samarbeid med regionale aktørar

Resultatmål: Riksteatret skal vidareutvikle relasjonen til dei ulike regionale aktørane og ein sterkare grad av ressursdeling.

Kulturhusa

Regionale kulturhus utgjer ein viktig del av grunnmuren i det lokale kulturlivet, og Riksteatret er ein sentral innhaldsleverandør av profesjonell scenekunst til kulturhusa. Riksteatret samarbeider tett med interesseorganisasjonen Norske kulturhus og deira arrangørnettverk. Riksteatrets leiing nyttar mellom anna styret i Norsk kulturhus som referansegruppe og rådgjevarar i strategiske spørsmål. Særleg under pandemien har vi hatt god nytte av det tette bandet til kulturhusa og interesseorganisasjonen. Mellom anna har dialogen rundt dei ulike og skiftande koronarestriksjonane som råka kulturbransjen vore verdifull i 2021

Regioneteatra

Riksteatret har lang tradisjon for å delta i ulike former for kunstnarleg, praktisk og økonomisk samarbeid med regioneteatra. Mio min Mio, produsert av Teatret vårt i Molde og Nordland Teater i 2019, skulle ha vore på turné med Riksteatret våren og hausten 2021. På grunn av det intime formatet på framsyninga, lot ho seg ikkje gjennomføre i pandemien. Vi planlegg turné i 2022. Da Mio min Mio gjekk ut av repertoaret våren 21, starta vi eit samarbeid med Rimfrost produksjonar, stasjonert i Tromsø. Dei hadde ei ferdig produsert framsyning; Tobias og dagen det smalt, produsert i samarbeid med Hålogaland Teater. Riksteatret turnerte denne produksjonen vår 21. Hausten 21 var

Are Kalvø toppar VG lista, produsert av Det Norske Teatret, på turné med Riksteatret og Teater Vestland. Teater Vestland og Riksteatret samarbeida om dei første 8 framsyningane i Vestland fylke, og var sams avsendar av produksjonen. Vi optimaliserte samarbeidet ved å ha teknikarar frå både teatrer som utveksla kompetanse, og dekorasjonen vart bygd på nytt av Riksteatret, slik at Teater Vestland får sin eigen versjon å sende vidare på mindre plassar i eige fylke våren 22.

Riksteatret sitt samarbeid med ulike regionteater resulterer i at fleire publikummarar får opplevd produksjonane. Vidare er det økonomisk gunstig at man i lag finansierer prosjektutviklinga og prøveperioden. Riksteatret har iverksett fleire samarbeidsprosjekt med regionteater for 2023.

Styringsparameter 3.4 – Arrangørutvikling

Resultatmål a: Riksteatret skal ha klare roller, von og krav til arrangørar.

Resultatmål b: Riksteatret skal vidareutvikle arrangørar som samarbeidspartnarar for å bygge teaterinteressa, auke publikumsbesøket og synleggjere Riksteatret totalt.

Resultatmål c: Riksteatret skal ha eit godt samarbeid med Norsk Kulturhusnettverk.

	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Arrangørkonferansar	8	5	24	5-10	7

(*) I 2021 vart det gjennomført arrangørmøte digitalt, slik vart det mogleg å gjennomføre sær mange møte

Riksteatret har eit stort arrangørnettverk som er samansett av 74 kulturhus over heile landet. Arrangørane spenn vidt med omsyn til lokalisering, storleik og ressurstilgang. Ein fellesnemnar for dei fleste er likevel at Riksteatret er deira viktigaste innhaldsleverandør.

Riksteatret skal vere ein ressurs for arrangørane våre. Vi har ein god dialog med alle, og har regelmessige møter med deira interesseorganisasjon Norske kulturhus. Kvar arrangør har sin eigen faste kontaktperson i marknadsavdelinga vår, og det er tett oppfølging med fokus på publikumsutvikling og billettsal.

Den årlege arrangørsamlinga, og dei regionale samlingane, er viktige møteplassar for relasjonsbygging mellom arrangørane og Riksteatret. Turnépremierane er òg eit godt høve til å møte lokale politikarar, representantar frå skule, bibliotek, kommunens kultursektor m.m. Vi gjennomfører difor vanlegvis fleire møte med slike aktørar frå lokalmiljøet på premieredagane.

Øg i 2021 vart mange av våre fysiske kontaktpunkt med arrangørane erstatta med digitale møteplassar. Mellom anna vart den årvisse sesonglanseringa gjennomført digitalt. Lanseringa vart strøymt til tilsette ved kulturhusa, pressen og publikum. Fylkesmøta som samlar alle arrangørane i kvart fylke, vart òg stort sett gjennomført digitalt. Fem av fylkesmøta klarte vi likevel å gjennomføre fysisk.

For å få gode råd og innspel til korleis vi bør samhandle med speleplassane våre, oppretta vi i 2021 ei referansegruppe med utvalde arrangørar. I første omgang skal gruppa kome med innspel til RiksVenn prosjektet vårt, som skal lanserast i 2022.

Styringsparameter 3.5 – Partnerskap

Resultatmål: Riksteatret skal utvikle eit kontaktnett av bedriftspartnarar og teatervennar.

3.5.1 Hovudsamarbeidspartnarar

Skal vi vere i stand til å gjennomføre Riksteatrets største mangfalds- og inkluderingsprosjekt er vi avhengige av støtte frå eksterne partnarar. Riksteatrets billettfond hadde ikkje vore mogleg utan hovudsamarbeidspartnarane våre, Statnett og Sparebankstiftelsen DNB.

Sidan 2019 har **Statnett** vore del av Riksteatret sitt billettfond. Sidan inngått avtale har vi i lag gitt 7 000 individuelle opplevingar til skuleelevar i heile landet. Etter to givande år som partnarar valde vi å ta eit pauseår i 2021. Restriksjonar på publikumstal og uvisse rundt smittesituasjonen førte til at vi ønskjer å fortsette samarbeidet fom januar 2022.

Tilsette i Statnett får 20% rabatt på alle framsyningane våre – uansett kor i landet dei bur.

Samarbeidet med **Sparebankstiftelsen DNB** starta 01.01.2021 og skal vare i 2 år. I lag med Sparebankstiftelsen DNB har vi moglegheit til å tilby 16 000 elever teateropplevingar i nærleiken av der dei bur, fordelt på to år. I 2021 vart det innvilga 5 567 fribilletter, som utgjør ein rest på 10 433 billetter det komande året (2022).

Å sjå profesjonelt teater på kveldstid i lag med eit ordinært, teaterglad publikum gir ungdommar ei unik erfaring. Slik har dette økonomiske bidraget sørnga for å byggje teaterinteresse hos ein av dei aller viktigaste publikumsgruppene våre – framtida sine teaterentusiastar. Billettfondet gjer det mogleg å skape fleire tusen individuelle opplevingar kvart år for unge menneskje i alderen 14 – 21 år.

3.5.2 Andre samarbeidspartnarar

Riksteatret sin samarbeidsavtale med **Coop** gir oss eit unikt høve til å kommunisere direkte med 1,6 millionar potensielle publikummarar over heile landet. Coop er eigd av kundane gjennom deira medlemskap i eit av 102 samvirkelag i Noreg. Som medlem i Coop får du 30% avslag på alle Riksteatret sine framsyningar. Vi ser at samarbeidet medverkar til ein positiv effekt på salet over heile landet, noko vi har sett over fleire år.

I 2021 gjekk Riksteatret inn i et samarbeid med Opplevelseskortet JOIN og Viover60.

Opplevelseskortet Join arbeidar for at barn og unge frå låginntektsfamilier skal få delta i kultur og fritidsaktivitetar på lik line med alle andre barn. For å nå målgruppa har organisasjonen utvikla ein digital plattform som tilbyr aktivitetar basert på barna sine interesser. Riksteatret gir fribilletter til utvalde framsyningar og ein fast rabattert pris på 20% på alle barne- og familiefamsyningar. I dag er tilbudet tilgjengeleg i 19 kommuner. Målet er at det skal verte eit landsdekkande tilbud. **Viover60** er landets største tidsskrift for godt vaksne og vert lest av 220 000 kvinner og menn kvar månad. Publikumsundersøkingar og innsikt frå billettssystem og sosiale kanalar syner at Riksteatret nyter høg respekt blant dei eldre. Vi ønskjer å vere enda meir til stade og tilgjengeleg for ei målgruppe som allereie set oss høgt.

Riksteatret samarbeider i tillegg med andre aktørar som **ARK, LOfavør, Bokklubben, Delta, Kulturforbundet i Delta og Norges Bibliotekforening**. Medlemmane får 20% rabatt på opptil 4 billetter på alle Riksteatret sine framsyningar.

III.2. Ressursbruk

Netto driftskostnader (post 01)

	2019	2020	2021	Budsjett 2022
Netto driftskostnad (*)	88 595	85 271	87 072	87 810
Del av totalkostnad	56 %	64%	58%	58%

Oppdelinga av kostnadane våre i netto driftskostnader og brutto prosjektkostnader kan gi eit skeivt bilete av kva middel som går direkte til teaterproduksjon. 66 % av posten netto driftskostnader går med til løn for fast tilsette teaterteknikarar, skodespelarar, produsentar, turnekoordinatorer og marknadspersonale samt utgifter til marknadsføring og kjøp av teaterteknisk utrustning. Vidare inkluderer posten husleige for teatersalane og verkstadene våre.

Brutto prosjektkostnader (post 21)

	2019	2020	2021	Budsjett 2022
Utgifter direkte knytt til prosjektene	68 554	47 582	62 286	64 382
% av teatret sin totalkostnad (brutto)	44 %	36%	42%	42%

Årsverk fordelt på funksjon

	2019	2020	2021	Budsjett 2022
Kunstfagleg personale, årsverk	79,2	74,1	81,8	80
Adm. personale, årsverk	25,7	24,9	23,5	24
Driftsteknisk personale, årsverk	3	3	3	3
Sum antal årsverk	107,9	102,0	108,5	107

I tabellen er kunstfagleg personale oppgitt etter NTO sin definisjon, dvs. at teaterteknisk personale, produsentar og dramaturg er inkludert her. Det forholdsvis lave årsverktallet i 2020 skyldes dels at 2020 var planlagt med færre skodespelare og andre kunstnerisk korttidsengasjerte, og dels at koronaavlysningene medførte mindre behov for korttidsengasjerte teknikere (flere turneer ble helt eller delvis avlyst). I 2021 har vi hatt ekstra bemanning på kostymeavdelingen på grunn av opplæringsbehov.

Utvikling i talet på fast tilsette per 31.12.

	2019	2020	2021	Budsjett 2022
Talet på fast tilsette	76	72	76	76


I løpet av 2021 har vi tilsett ein kunstnarleg konsulent i 20% åremålsstilling, og ein billettansvarlig i 30% stilling. Vidare har to korttidsengasjerte teknikarar fått fast stilling. Vi rekner med å ligge på 76 fasttilsette òg i 2022.

Utvikling i talet på produksjonar, framsyningar og skodespelarar.

Grafene under syner utviklinga dei siste åra. Det er viktig å vere merksam på at åra 2019 – 2022 er planlagt utifrå årsbudsjett som i snitt hadde eit årlig underskot på 6,3 mill.kr. Planlegginga med underskot har gjort det mogleg å oppretthalde eit kunstig høgt tal på produksjonar og skodespelardagsverk. Underskota er finansierte gjennom bruk av budsjettreserven som vart bygd opp i 2017 og 2018. Desse åra hadde billettinntekter godt over det som var venta, og Riksteatret har moglegheit til å sette av middel som sikkerheit for utgifter til kunstnarleg verksemd med varierende inntekter frå år til år.


Ensemble

Denne grafen syner talet på tilsette (midlertidige og faste) skodespelarar kvart år. Riksteatret har no einast prosjektilsatte skodespelarar. I fyrste halvdel av -80 talet var det om lag 30 fast tilsette skodespelarar ved Riksteatret. I 1993 hadde talet på fast tilsette skodeåselarar falt til 16, og sidan har ikke skodespelarar som har slutta, vorte erstatta. Den siste fast tilsette slutta i 2020.



Skodespelareksponeringar

Grafen under syner utviklinga i talet på skodespelardagsverk utført på framsyningar. Det vil til dømes seie at ein produksjon med 4 skodespelarar som vert spelt 20 kveldar fører til 80 skodespelareksponeringar.



Talet på produksjonar


Grafen syner kor mange produksjonar Riksteatret årleg har på turné. Talet på produksjoner skaper bredden i repertoaret, og dannar grunnlag for moglegheitane kvart kulturhus har til å få fleire produksjonar til seg.

Talet på produksjonar er direkte knytta til talet på regissørar, dramatikarar, scenografar, kostymedesignarar, komponistar, lys- og lyddesignarar og andre opphavarar som Riksteatret knytter til seg. Engasjementet for desse fell tilsvarande.



Talet på framsyningsdagar per produksjon

Når talet på produksjonar synk, aukar vi talet på framsyningar per produksjon.



IV. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

IV.1 Internkontroll

Intern styring

Grunnmuren i Riksteatret si styring er ein produksjonsmodell spesielt utvikla for Riksteatret. Dette er ein modell som nokre regionteater no har kunne kopiere, og dermed nyter dei godt av det arbeidet Riksteatret har lagt ned i utvikling av modellen. Her inngår faste avgjerdspunkt der leiargruppa samlast gjennom livsfasen til prosjektet. Modellen tek oss gjennom prosessen frå utgreiing i forkant til læring i etterkant via avgjerdsmøte i leiargruppa i lag med produksjonen sin produsent. Einskilddelane utgjer etablering (der produsenten får mandatet sitt), konseptgodkjenning, detaljgodkjenning, statusrapport og refleksjon. Alle område vert evaluerte i etterkant, og kvar sesong vert summert ved at leiargruppa gjer reie for læringspunkt frå den tilbakelagte sesongen overfor heile organisasjonen.

Økonomistyringa vert kopla inn allereie i utredninga, der alle produksjonar halvanna år fram i tid fortløpande vert skisserte og justerte. Vidare er ansvarlinjene tydeleggjort gjennom produsentrolla, som er økonomisk ansvarlig for kvar produksjon, og det vert ført fortløpande oppfølging av avvik.

Det som er nemnt over har gjort Riksteatret sin organisasjon særst egna til å gjennomføre oppgåvene sine. Vidare har fokus på repertoarsamansetning, og ein kontinuerlig kontroll opp mot marknadsføring og produsentane si gjennomføring, sikra at ein når måla.

Risikoområde

Repertoarverksemda er området med høgast risiko, men òg det området der høg risiko er akseptabelt, eller ein kan òg seie at høg risiko nesten er naudsynt i kunstverksemd. Dei avgjerande faktorane er val av repertoar med tanke på appell, aktualitet, relevans m.m. og rollebesetning.

Vi kategoriserer finansiering som ein middels risiko fordi det ligg ei uvisse i billettinntektene, som utgjer nesten 20 % av finansieringa vår. Bidrag frå næringslivet utgjer ein monaleg mindre del, rundt 1,5 %, men her har risikoen for bortfall av inntekter auka i takt med næringslivet sitt fokus på direkte avkastning (kall det gjerne «klikk-for-likes»-effekten) framfor samfunnsansvar og relasjons- og omdømmebygging.

Generelt vert det jobba med å redusere risiko gjennom sterk styring av kostnadssida, og stor vektlegging av repertoarsamansetning og marknadsføring av produksjonane.

For 2021 utgjer koronapandemien ein vesentleg risiko i høve til å nå måla med omsyn til talet på gjennomførte framsyningar og billettsalet.

IV.2 Inkluderingsdugnaden

Kva tiltak vi har gjort for å nå femprosentmålet

Riksteatret sin personalpolitikk byggjar på medarbeidaranes likeverd uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, religion, etnisitet, livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Den lokale lønspolitikken vår presiserer prinsippet om likeløn mellom kvinner og menn. Riksteatret legg til rette for tilsette med særlege behov.

Tilsettingsutvalet har sett hol i CVen og nedsett funksjonsevne på agendaen ved alle tilsettingar, noko som har ført til auka medvit om problemstillinga. Utfordringane ligg i at individ med nedsett funksjonsevne er vanskelege å få auge på gjennom søknader. Dei skriv ikkje i søknadene at dei har nedsett funksjonsevne, og arbeidsgivar får difor heller ikkje brukt slik opplysningar som utvelgelseskriterium. Når det kjem til hol i CVen, er dei vanskelege å måle ettersoom prosjekta til kunstnarar ikkje så ofte verte omtala i eksakte tidsperioder. Oppsetjingar de har vore med på vert skildra, men ikkje når tidsperioden byrja og når han tok slutt.

Talet på nytilsette

I 2021 utlyste Riksteatret berre ei fast stilling, men tilsette meir enn 120 folk i mellombels stillingar, og av desse er om lag 95% er kunstnarar. Forklaringa er at Riksteatret har ein sær låg turnover blant dei fast tilsette. Riksteatret er ein stor og viktig arbeidsgivar for frilansarane. Teatret tilset fleire enn 100 kunstnarar kvart år for å produsere og gjennomføre teaterframsyningane våre, i tillegg til nokre få teknikarar og administrativt tilsette for å dekkje opp for tilsette i permisjon og tilsette med turnéfri.

Kva har vore vellukka tiltak

Riksteatret er sær tydelig i stillingsannonsar på at vi søker folk med ulik bakgrunn, til dømes etnisitet eller nedsett funksjonsevne. Vi opplever at vi får fleire søkjarar med ulik bakgrunn som følgje av dette. Det gjør det lettare å rekruttere mangfaldig i alle tydingar av ordet.

Når vi rekrutterer kunstnarar, ser vi etter folk vi meiner eignar seg for det teaterprosjektet vi ynskjer å lage. Repertoaret vårt speglar i større grad mangfald i samfunnet vårt no enn tidligare. Vi tilset òg fleire kunstnarar med anna etnisitet no enn før. Årsaken er auka merksemd internt og eit større kvalitetsmessig mangfald å søkje i.

Kva har vore utfordringar?

Riksteateret har sær låg turnover for faste tilsette, og difor vil endring i samansetjinga av tilsette skje langsomt.

Kunstnarar vi tilset, er i hovudsak frilansarar. Det vil seie at de ikkje har ein fast arbeidsgivar, men at dei jobbar for mange arbeidsgivarar innanfor teater og liknande kunstformer som film, TV, reklame, radio og lydbøker. Fleire av kunstnarane har hol i CVen ettersom det er ein vanskeleg bransje å komme inn i og ein vanskeleg arbeidssituasjon å få til å gå opp utan lengre periodar utan sysselsetting. Utfordringa er å avdekke omfang av hol i CV-ane fordi dette ikkje vert oppgitt spesifikt, og søknadene ikkje inneheld tydelege tidslinjer.

Delen av nytilsette som har nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en

Statens mål er over ein femårsperiode å fylle kravet om fem prosent tilsettingar av folk med nedsatt funksjonsevne eller hol i CV-en. Målt over siste femårsperiode fyller vi dette målet for fast tilsette.

For mellombels tilsette er kvantifisering ikkje mogleg av fleire årsaker.

- Mange tilsettingar skjer utan søknadsprosedyrer, dette gjeld ofte skodespelarar og kunstnarleg team (Regissør, scenograf, kostymedesigner m.fl.)
- Ingen oppgir funksjonsnedsetting.
- Mest ingen har klare tidsliner i CV-en, dei peikar i regelen berre ut konkrete produksjonar de har delteke i.

Ved ein gjennomgang av dei tilgjengelege CV-ane til kunstnarane som var tilsette på Riksteatret i 2021, og analyse av dei som ikkje leverte CV, finn vi personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en. Med utgangspunkt i denne gjennomgangen reknar vi med at personer med nedsett funksjonsevne eller hol i CV'en utgjør ein part nær staten si målsetjing for slike tilsettingar.

IV.3 Berekraftmåla til FN

Riksteatret har vurdert dei 17 berekraftmåla til FN, og valt å konsentrere seg om dei som er mest relevante for vår verksemd i Nydalen og på turné over heile Noreg.

Berekraftmål nr. 3: God helse og livskvalitet

Riksteatret har sett i gong eit større prosjekt for vitalisering av HMS-arbeidet, i dette ligg alle risikoreduserande tiltak for å hindre ulukker. Prosjektet løper over ein toårsperiode 2021/2022 med ekstra ressurser via til å løfte HMS-arbeidet til eit nytt nivå.

Riksteatret ynskjer å ha eit godt arbeidsmiljø, både fysisk og psykososialt, men pandemien har gjort dette arbeidet vanskeleg.

Teatret har eit arbeidsmiljøutval som møtast jamnleg for å gjennomgå arbeidsmiljøet og ta tak i område som treng å bnetrast. Teatret har òg møte med dei tillitsvalde gjennom eit Samarbeidsutval, i tillegg til eigne møte med den største arbeidstakarorganisasjonen, Fagforbundet teater og scene (FTS), for å samarbeide om lokale avtalar, arbeidstilhøve på turné og linande saker. FTS organiserer mest alle teaterteknikarane på Riksteatret, og er difor ei viktig stemme i dialogen med leiinga.

Riksteatret planlegg å gjennomføre neste arbeidsmiljøundersøking om eit år.

Berekraftmål nr. 7: Rein energi til alle

Riksteatret er opptekne av å spare energi i eigne lokale. Lokala våre er voluminøse og krevjer store energimengder til oppvarming. Di viktigare er det å gjennomføre energisparande tiltak. I 2021 skifta teatret to store kjøreportar der u-verdi (isoleringssevne) vart tillagt stor vekt. Det har ført til at den store foajeen lekk mindre varme. Det vart òg gjennomført eit energistyringsprosjekt på heile ventilasjonssystemet, slik at vi hentar så lite luft som mogleg utanfra om vinteren, og at nattsenkinga av temperaturen varer så lenge som mogleg. Riksteatret er kopla til lokal fjernvarme i Nydalen, som er energieffektivt. Det ligg føre planar frå byggeigar å utvide bruken av fjernvarme i lokala våre.

Berekraftmål nr. 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn

Riksteatret er sentralt plassert med omsyn til kollektivtrafikk. Midt i Nydalen ligg vi rett ved Nydalen T-banestasjon på T-baneringen, og med fleire sentrale bussliner i nærleiken. Riksteatret tilbyr ikkje parkeringsplassar for bil til dei tilsette, men har utvida sykkelparkeringa utandørs og innandørs. Teatret har òg skaffa ein elsykkel med varekasse til ærend i nærmiljøet. Våre tilsette reiser i hovudsak kollektivt, går eller sykklar til jobb.

På dette viset medverkar teatret til ein meir berekraftig by og lokalsamfunn.

Berekraftmål nr. 12: Ansvarleg forbruk og produksjon

Dette er handsama i kapittel IV.4 Klima- og miljøtiltak

IV.4 Klima- og miljøtiltak

Scenografi

Ein scenografi er eit verk som er beskytta av Åndsverksloven, men materiala kan verte gjenbrukte, og det gjer verkstadene våre ofte. Vi går tidig i dialog med scenografar og andre designarar om val av utstyr, materialbruk og gjenbruk av materiale vi allereie har på lager. Både internt i Riksteatret og gjennom andre nettverk arbeider vi med å verte betre på utveksling og deling av «overskot» etter ferdigspilte framsyningar, men det er bruk for mykje større lagringslokale og betre felles organisering, slik at materiale kan sirkulere lenger og verte til nytte for fleire.

Teknisk avdeling

Teknisk avdeling medverkar med medlemmer og engasjement til Riksteatrets si nyetablerte miljøgruppe. Her er målet å jobbe fram gode og tydelege rutiner for at tilverking og materialval for teaterproduksjonane vert gjort med tanke på miljø og berekraft. I tillegg til rutiner for handtering ved kassering av dekorasjonar og tilhøyrande utstyr.

Lys og lydavdelinga har i løpet av dei siste åra gått over til oppladbare batterier i mest alle samanhengar der dette er mogleg.

Da vi designa produksjonen «Høna, egget og reven» freista vi å sette miljøomsyn høgt på agendaen, mellom anna ville vi at det meste av dekorasjon og kostyme skulle vere gjenbruk. Dette fekk vi til ein viss grad til, men vi lærte òg at det å gjenbruke element i kostyme og dekorasjonar gjer dei mindre haldbare med omsyn til brukskrava ein turné stiller. Det lot seg difor ikkje gjennomføre i så stor grad som vi i utgangspunktet ynskte. Erfaringa tar vi likevel med oss vidare i arbeidet for å etablere rutiner for ein grønnare produksjon av dekorasjonar.

Riksteatret ynskjer i større grad å gi dekorasjoner vidare til andre teater eller teatergrupper som kan dra nytte av dei og bygge dei om og på det viset spare miljøet. Dette krev ei avklaring med scenografane og vi har åpna ein dialog med di respektive forbunda for å få dette inn i kontraktane til kunstnarane.

Turnéavdelinga

Med deira prinsipp om å spele teater der folk er, er Riksteatret eit miljøtiltak. Det ligg ein klår gevinst i form av redusert karbonavtrykk når RT sender to bussar til eit kulturhus og publikum får kort reiseveg til ei teateroppleving. Alternativet er jo til dømes at 300 personer reiser frå Finnsnes til Tromsø for å gå i teater. I sentrale strøk kan dette i stor grad fangast opp med kollektivtransport, men i mange område ville det ha resultert i eit vesentleg karbonavtrykk. Her er det òg ein samanheng mellom tilbod av kollektivtransport og tilgong på ladestasjonar. Grovt sagt vil folk ha tilgong på anten båe eller ingen.

Riksteatret har ein rammeavtale for transport av personell og utsyr som løper fram til og med 2022 (23). Denne er grunna på transportmiddel som nyttar fossilt drivstoff. Ved inngåing av ny transportavtale frå og med 2023 ev. 2024 vil vi søkje å finne løysingar der vi nyttar utsleppsfrie transportmiddel, anten straum eller hydrogen, slik at desse kan dekke heile eller delar av turnérutene. I kor stor grad dette lukkast, avheng mellom anna av utbygging av infrastruktur som kan sikre tilgong på straum og/eller hydrogen. Vi har starta arbeidet med innhenting av informasjon for å kunne ta ei slik avgjerd på best mogleg grunnlag.

Teaterbygget i Nydalen

Som nemnt i siste kapittel under FNs berekraftsmål, planlegg byggeigar i samarbeid med Riksteatret å utvide bruken av fjernvarme i lokala vi leiger i Nydalen. Samstundes samarbeider vi òg med byggeigar om å utbetre ventilasjonssystemet i bygget. Delar av oppvarminga i bygget kjem gjennom ventilasjonssystemet, og det er viktig å ha god kontroll på styringa av det for å spare mest mogleg energi. Likeleies skifta vi to portar i kjørehallen i 2021, der isoleringsevna til portane var eit vesentleg kriterium for å spare energi. Alle nye lyskjelder som vert installerte på Riksteatret, er LED-lys, noko som reduserer energiforbruket vesentleg.

Riksteatret har etablert eit avfallssorteringssystem for mange ulike slag avfall, og teatret følger opp tilsette for å auke den prosentvise sorteringsgraden av avfall.

Riksteatret lyste ut ny konkurranse på drift av kantina i 2021, der minimering av matsvinn vart tillagt vekt i konkurransen. Å sortere matavfall har vorte vanlig, og difor lett å gjennomføre, men å fullføre ei vokes meny i ei kantine med minimalt matsvinn, er ei stor utfordring. Riksteatret er difor glad for å ha funne ein leverandør som er god på gjenbruk av matrestar til høg opplevd matkvalitet i rettane, og som såleis reduserer matavfallet til eit minimum.

Papirforbruket er på kraftig retur i verksemda. Mengda papirutskrifter vert redusert kvart år. Samstundes har vi sett som standard at alle utskriftar skal komme i svart/hvitt frå kopimaskinane.

Stadig fleire tilsette vel å sykle til jobb. Ein del av årsaken er elsykkelrevolusjonen, men det medfører òg at syklane har vesentleg auka verdi. Riksteatret har difor auka talet på sykkelparkeringsplassar innandørs og utandørs.

Riksteatret vurderer no ulike programvarar for kartlegging og skildringar av kjemikaliene våre. Innkjøpet av eit slikt stoffkartotek aukar tryggleiken til tilsette, aukar oversikta over beholdninga og reduserer den totale bruken av verkestoffa.

IV.5 Krafttak for mangfald

Riksteatret sitt ansvar som kulturleverandør

Vi arbeider systematisk for å oppnå representativitet blant utøvarar og kunstnarar for kvar produksjon som skal fyllast med roller. Blind casting, der hudfarge ikkje tyder noko har vore eit overordna mål i 2021. Men nokre gongar er det klare referansar til synleg etnisitet i teksta som gjør at det vert førande, som i «Eg snakkar om det heile tida». Tematikk (innhaldsmangfald) er eit tilbakevendande diskusjonspunkt i kunstnarlege fora og vi oppsøker no oftare litteratur og kreative miljø med andre preferansar enn oss sjølve.

Diverre har fleire av turnéplanane våre med mangfaldstematikk dei siste åra vorte råka ekstra hardt av pandemien. Det gjeld til dømes produksjonane «Eg snakkar om det heile tida», «Blokk til Blokk» og «Tante Ulrikkes Vei». Nye prosjekt er likevel arbeidd fram i 2021. Mellom anna Amina Sewalis «Hør'a dagbok!» som vart pitcha inn under RiksPitch i juni og seinare òg har vorte valt ut som pensumbok for 5. klassingar. Denne produksjonen er no i støypeskeia, og vi har stor tru på at han vert ei tankevekkande og morosam framsyning om venskap, draumar og språkutfordringar, for heile familien.

Språk med sterk aksent, syntaks- og bøyingsfeil har lenge vore tabu på teaterscener, i skulen og i norske media, men det er endring å spore. I vår musikalske versjon av «Hør'a dagbok!» vil kunstnarleg allsidige Sewali gjennom hennar visuelle univers, bruk av «Tøyendialekt» og spenstig rap vere med på å gi innsyn og toleranse til denne diskursen. Arbeidet med adekvat og representativ rollebesetning er viktig og igangsett allereie i 2021.

Frå 2012-21 utdanna Det Norske Teatret (DNT) i samarbeid med Nord universitet 14 skodespelarar med familiebakgrunn utanfor Europa. Det har medverka til at norsk teater, TV og film speglar befolkninga betra. For å styrke kunstnarlege premissleverandørar med lik minoritetsbakgrunn i feltet har Riksteatret i lag med DNT og Teater Manu ønske om å auke mangfaldet vidare gjennom ei treårig utdanning av instruktørar og scenografar. Her er mangfaldet lite i dag. Teatera starta i 2021 ei utgreiing om å etablere utdanninga frå hausten 2023.

Kommunikasjon- og marknadsføringsavdelinga

Vi arbeider kontinuerleg med å etablere kontakt med grupper som tradisjonelt ikkje går eller har moglegheit til å gå på teater.

I 2021 har vi særleg arbeidd for å inkludere barn og unge av låginntektsfamiliar, og har inngått nye samarbeid over heile landet for å få til dette. Vi kan til dømes nemne Opplevelseskortet Join, ein digital plattform for norske kommunar, som gir barn i låginntektsfamiliar gratis eller rabatterte aktivitetar.

For å sikre eit teatertilbod til barn og unge, uavhengig av bakgrunn og/eller økonomi, har vi i år oppretta ein priskategori vi kallar «Riks+». Riks+ er til alle landets organisasjonar, foreiningar, kommunar og einskildindivid som arbeider med inkludering og mangfald. Denne priskategorien har foreløpig berre vore tilgjengeleg på barne- og familieframsyningar, og vert tilbydd og brukt av organisasjonar som Frivilligsentralen, Blå Kors, Frelsesarmeen og Fattighuset – for å nemne nokre. Riksteatret har til nå jobba med fleire organisasjonar som har avdelingar fleire stader i landet, og som medverkar med spissa kompetanse i lokalsamfunnet. Vi har starta ein dialog for å gjere ordninga langsiktig, og målet er å skape fleire samarbeidspartnarar landet rundt.

Riksteatret har i mange år hatt sideprogram og oppsøkande verksemd særleg retta mot ungdom. Teateret har opparbeidd ein unik dialog med ungdom gjennom kontakten med teaterglade lærarar i skulenettverket. Billettfondet er ikkje nødvendigvis berre et billettfond. Tilbodet er òg eit tiltak som kan forebygge utanforskap og medverke til inkludering, skaparånd og sosialt fellesskap. I tillegg til kommunikasjonen med ungdom i alderen 14 til 19 år, arbeider Riksteatret for å styrke kontakten med vaksenopplæringa i året 2021 gjennom billettfondet.

Einskildvis kan unge menneske dra nytte av gunstige billettprisar på Riksteatret sine framsyningar. I 2020 oppretta vi ein ny billettkategori til dei under tretti. Denne priskategorien har vorte fast inventar og vert nytta i aukande grad.

Tiltaka for auka mangfald i året 2021 ble særleg retta inn mot framsyningane «*Eg snakkar om eg snakkar om det heile tida*», «*Høna, egget og reven*» og «*Teaterkonsert Sundfør*».

I samband med framsyninga «*Eg snakkar om eg snakkar om det heile tida*» inngjekk vi våren 2021 eit samarbeid med senter for studie av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret). Saman inviterte vi publikum til samtale på Litteraturhuset og utarbeidde eit pedagogisk materiell til skuleklasser.

Til samtala på Litteraturhuset, samla vi ulike røyster frå kultur, samfunn og idrett til ein diskusjon om korleis vi kan snakke om rasisme slik at det angår enda fleire. I tillegg til forfattar Camara Lundestad, deltok journalist og forfattar av «*Vi puster fortsatt*» Johan Shanmugaratnam, regissør Kjersti Horn og fotballspelar Amahl Pellegrino. Samtala vart leia av Cora Alexa Døving, som var aktuell med ny utstilling om kvardagsrasisme i Noreg. Arrangementet vart strøyma og tilgjengeleggjort for heile landet.

I samarbeidet med HL- Senteret og utarbeidinga av det pedagogiske materialet, var tanken å gå i djupna på tematikken i stykket, som handla om kvardagsrasisme og andre former for rasisme. Målet var å vere ein samtalestartar. I staden for å avslutte samtala om rasisme etter endt framsyning, ga vi lærarar eit verktøy til å fortsette samtala i klasserommet med.

I tillegg inviterte vi skuleklassene til å ha nettsamtaler med fagpersonar frå HL-senteret. Her fekk lærarar over heile landet moglegheit til å sette elevane i kontakt med fagpersonar, i eige klasserom. Tiltaket kunne ha ført til kunnskapsdeling, ny innsikt og gode samtaler. Diverre vart produksjonen råka av forseinkingar grunna pandemien, og framsyninga vart diverre aldri sendt ut på turné. Samarbeidet med HL-senteret var godt, og vi vonar å kunne få til ei liknande løysing ved neste korsveg.

Riksteatret sitt ansvar som arbeidsgivar

Riksteatret ynskjer å spegle mangfaldet i befolkninga. Vi ynskjer at samansetjinga av arbeidsstokken vår skal vere lik samansetjinga i samfunnet når det kjem til etnisitet, religion, seksuell orientering, kjønn, alder, funksjonsevne, kulturell, sosial eller økonomisk bakgrunn og bustad. Med så få tilsette som vi har, vil vi ikkje kunne vere representative til kvar tid. Men vi har eit mål om at kvar gong vi rekrutterer til faste stillingar, skal vi søkje etter folk som lokalt i avdelinga og for Riksteatret som heilskap vil kunne auke mangfaldet. Dette målet har ført til at vi over dei seinare åra har auka mangfaldet på teateret, og målet er at vi skal halde fram med å auke det.

Kjønnsbalansen på Riksteatret er nær 50/50, og har vore det lenge. Så finst det lokale ulikskapar på avdelingar med overvekt den eine eller andre vegen, som vi freistar å redusere ved nytilsettingar.

Alderssamansetjinga på Riksteatret representerer heile registeret frå tjue til sytti år. Mange tilsette vel å jobbe på Riksteatret eit langt liv, og gjennomsnittsalderen på den faste arbeidsstyrken er difor over 50 år.

Riksteatret legg til rette for folk som hamnar i utsette helsemessige situasjonar eller støyter på private utfordringar. Ingen tilfelle er like, men alle som hamnar i utfordrande situasjonar kan hjelpast. Vi har ein god historikk på å hjelpe tilsette når dei treng det.

Våre tilsette kjem frå ulike sosiale lag og geografiske regionar, både nasjonalt og internasjonalt. Teaterbransjen har i mange tiår vore lite fordomsfull overfor folk med ulik kjønnsidentitet og seksuell orientering. Difor har òg mange menneskje med slik bakgrunn oppsøkt teatera som arbeidsplass. I vårt daglege virke spør vi ingen kva tru eller legning dei har, og vi kan difor heller ikkje seie noko kvantitativt om kor mange eller kva prosentdel disse gruppene representerer.

Når det kjem til etnisitet, opplever teateret stor forskjell i søkjarmassen mellom ulike fagstillingar til teateret. Om vi til dømes utlyser ei stilling innanfor eit av særfga innanfor teater, som lysteknikk, får vi gjerne ikkje søkjarar med annan etnisk bakgrunn enn norsk. Om vi derimot søkjer etter nye tilsette til ei administrativ stilling, kan denne gruppa utgjere halvparten av søkjarane. Moglegheita til å spegle etnisiteten i befolkninga blant våre tilsette er difor særskilt ulik i ulike deler av verksemda. Bransjen ligg etter i rekruttering til dei spesifikke teaterfaga, dette skuldast i stor grad mangel på fagutdanningar i landet.

IV.6 Aktivitets- og redegjøringsplikta etter likestillings- og diskrimineringsloven

IV.6.1 Tilstand for kjønnslikestilling

Riksteatret har i dag to menn som toppleiarar: teatersjef og direktør. For ei tid tilbake var disse stillingane fylt av kvinner, og dette må vi tru vil skifte igjen i framtida. Teatersjefen vert tilsett av departementet og direktøren av styret, og tilsettinga ligg såleis utanfor administrasjonens avgjerd. Riksteatret vonar at ein ser kjønnsbalanse på dette nivået målt over ein periode på to tiår. Ser vi på dei to siste tiåra, er det tilfellet.

Leiargruppa på teateret består i tillegg av ein mann og tre kvinner. Ser vi denne gruppa over ti år, er òg balansen mellom kjønna tilnærma lik her òg.

Administrasjonen på Riksteatret, som er underlagt statleg tariffområde, består av 12 menn og 16 kvinner. Innanfor tariffområdet for teater, som gjeld for dei fleste av Riksteatret sine tilsette, er det 18 menn og 17 kvinner, tre mannlege og to kvinnelege leiarar.

